



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

ØSTRE GAUSDAL, 25.11.2014

Arkivkode
V14

Vår ref.(oppgis ved svar)
14/1629-1

Deres ref.
14/1674

HØYRING - FORSKRIFT OM TILSKOT TIL AVLØYSING VED SJUKDOM OG FØDSEL M.V.

Landbrukskontoret i Lillehammer-regionen representerer Gausdal, Lillehammer og Øyer kommunar. Vi syner til høyring av ny forskrift om tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel m.v., og har desse kommentarane til høyringsbrevet og ny forskrift.

I dag er det berre lønsutgifter til eigen tilsett avløyssar, utgifter til landbruksvikar eller til avløyssar tilsett i avløyssarlag eller –ring som kan gje grunnlag til tilskot. Departementet ynskjer å fjerne denne avgrensinga, slik at føretaka sjølv kan velje korleis dei ynskjer å ordne avløyning. Landbrukskontoret vil påpeike at i arbeidet med sjukdomsavløyning så er det krav om dokumentasjon. I dei tilfella der avløyninga skjer gjennom avløyssarlag, hjelper avløyssarlaga til med innsamling og innsending av dokumentasjon. Dette opplever vi at avløyssarlaga har solig og god kompetanse på. Dette gjere jobben vår i kommunen mykje enklare. Det er generelt stor skilnad på dei søknadane om tilskot til avløyning ved sjukdom som kjem via avløyssarlaget, og dei som kjem direkte frå gardbrukarane sjølv. Vi har langt meir arbeid med dei søknadane som kjem direkte frå gardbrukarane, der dei har løna sjølv. Landbrukskontoret er redd det vil føre til meirarbeid for landbrukskontoret ved at det vert mange fleire aktørar å halde seg til. Med fleire aktørar som kanskje ikkje er så godt kjent med regelverket, og kva som skal dokumentarast, vert det fort meir arbeid for forvaltninga. Med fleire aktørar vil det nok bli slik at forvaltninga i større grad enn no må kontrollere føretak som tilbyr avløyning.

Det er òg slik at avløyssarlaga (landbrukstenester) forskoterar i stor grad sjukdomsavløyninga. Den sikkerheiten dei har for å gjere dette, er at dei hjelper til med utfylling av søknad om tilskot til sjukdomsavløyning og kan få tilskotet utbetalt. Forskotering av løn til avløyning ved sjukdom er ei sikkerheit for gardbrukarane, og i høve til dyrevelferd. Landbrukstenester har peikar på dette, og det støttar vi.

Kap 3 Avløysing ved svangerskap, fødsel og adopsjon

Det er i følge departementet sitt notat foreslege ei liten innsnevring av når det gjeld avløysing ved fødsel, ved at det no vil vere 2 veker etter fødsel. I nokre tilfelle kan det tenkjast at far prøver å ikkje ha avløysar så lengje mor og barn er på sjukehuset, og vil ha 14 dagar med avløysing etter at dei kjem att frå sjukehus. Reglane bør ikkje vere til hindre for det.

Utfyllande retningslinjer, rundskriv og søknadsskjema

Det er viktig at i den grad rundskriv og søknadsskjema skal endrast, må dette vere på plass i fyrste halvdel av januar, slik at det ikkje vert opphald i handsaminga av søknadar om sjukdomsavløysing. For dei dette gjeld, er det viktig at dei får refundert utgifter så snart som mogleg.

Når det gjelder søknadsskjema må dette i større grad tilpasses en behandling på papir. Søknadsskjema er i stor grad tilpasset en elektronisk behandling. Søknadsskjemaene kommer bare inn på papir, og da er ikkje feltene tilpasset en behandling på papir med kulepenn.

Overgangsordningar

Landbrukskontoret føreset at søknadar som gjeld 2014 kan handsamast etter gamalt regelverk, eller at det i alle fall er overgangsperiode, slik at tilpassingar til gamal forskrift ikkje gjere at ein ikkje får tilskot etter ny forskrift.

Med vennlig hilsen
Landbrukskontoret i Lillehammer-regionen

Carl Olav Holen
Carl Olav Holen
Enhetsleder
Dir.tlf. 61 22 44 55


Øystein Jorde
Jordbruksrådgiver
Dir.tlf. 61 22 45 43